



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/219426-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.10.2018


Uttale – Dispensasjon fra byggegrense og avkjørsel – Kai og flytebrygge – Gnr. 102 bnr. 2 i Radøy kommune –

Statens vegvesen syner til brev mottatt 03.10.2018.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld oppføring av kai, flytebrygge og tilkomstveg på gnr. 102 bnr. 2 i Radøy kommune. Tiltaket ligg i eit område som er avsett til LNF – føremål jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Arealføremål i sjø er fleirbruksområde for bruk og vern av sjø og vassdrag. Tiltaket treng dispensasjon frå kommuneplan for Radøy.

I følgje saksopplysingane er det søkt om flytebrygge med 10 båtplassar, noko som utløyser eit krav om tre parkeringsplassar. Tiltaket er utført og utvida over ei lang tidsrekke heilt frå 1960 – talet, og søknaden gjeld difor legalisering av eksisterande forhold. Dersom Radøy kommune gjev løyve til tiltaket er det behov for å søkje avkøyrsløyve etter veglova.



Oversiktskart og situasjonskart fv. 413 og avkøyrsløve.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:

Eigedomen har avkøyrslø frå fylkesveg 413, som ligg i enden av fylkesvegen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 350. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4 jf. Rammepå for avkøyrslø med strekningsvise vurdering av haldning til byggjegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 - 2020)*. Dette betyr at vege har lokal funksjon og at ein vanlegvis gjev løyve til utvida bruk av avkøyrslø dersom dei tekniske krava til utforming vert innfridd.

Vi har ikkje vore på staden for å vurdere avkøyrslø, men har lagt til grunn kart, flyfoto og vegbilete for uttale vår. Avkøyrslø ligg på eit høgbrekk, og vi vurderer at sikta er svært dårleg i høve til dei krava vi vanlegvis stiller ved denne fartsgrensa. Fylkesvege er svært smal og svingete på denne strekninga, med berre ei køyrebane. Vi vurderer difor at fartsnivået er vesentleg lågare enn skilta fart. Vi legg og til grunn at trafikkmengda på fylkesvege er liten og at tiltaket i seg sjølv berre vil medføre ei beskjeden auke av trafikken.

Sluttord:

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast løyve til utvida bruk av avkøyrslø dersom våre krav til utforming av avkøyrslø vert innfridd.

Dersom Radøy kommune gjev dispensasjon til omsøkte tiltak på gnr. 102 bnr. 2 må det sendast inn søknad om avkøyrslø.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.